


# ÅRDAL KOMMUNE

Budsjett 2023, Økonomi og handlingsplan 2023 - 2026



## Innhald

1	Føreord .....	3
2	Budsjettvedtak .....	5
2.1	§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A) .....	6
2.2	§ 5-4 Sum bevilgningar drift, netto (1B) .....	7
2.3	§ 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2A) .....	8
2.4	§ 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B) .....	9
2.5	§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3) .....	10
3	Plangrunnlaget .....	11
4	Status og rammevilkår .....	12
4.1	Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2023 .....	12
4.1.1	Samla vekst i frie inntekter .....	12
4.1.2	Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – på kvar kommune .....	13
4.2	Utfordringar og strategi for kommunen .....	16
4.3	Utvikling i økonomiske nøkkeltal .....	18
5	Investeringar i økonomiplanen .....	19
5.1	Oversikt Investering og finansiering .....	20
5.2	§ 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2A) .....	20
5.3	§ 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B) .....	21
6	Hovudtala i budsjettforslaget .....	22
6.1.1	Befolkningsprognose .....	22
6.1.2	Skatt på inntekt og formue / rammetilskot .....	22
6.1.3	Eigedomsskatt forretningseigedom .....	22
6.1.4	Eigedomsskatt kraftanlegg .....	23
6.1.5	Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom .....	23
6.1.6	Avsetningar .....	23
6.1.7	Lønsjustering 2023 .....	23
6.1.8	Pensjon 2023 .....	24
6.1.9	Finansinntekter og -utgifter .....	24
6.2	Sentrale inntekter .....	25
6.3	Sentrale utgifter .....	25
6.4	Driftsutgifter per tenesteområde (1B) .....	25
6.5	Finansinntekter og -utgifter .....	26
6.6	Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar .....	26
6.7	Til disposisjon for tenesteområda .....	26

6.7.1	Prisar, satsar og gebyr .....	27
6.7.2	Tiltak/prioriteringar .....	27
6.7.3	Nedprioritering/innsparing .....	29
6.8	Disponering av driftsramma .....	30
6.8.1	Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringar fordelt på endringskategoriar .....	30
7	Økonomisk utvikling i planperioden .....	30
7.1	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter .....	30
7.2	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter .....	31
7.3	Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter .....	31
7.4	Vurdering av den økonomiske utviklinga .....	32
8	Kommunen sine tenestoområde.....	33
9	Utdanning og oppvekst .....	33
9.1	Driftsbudsjett.....	33
9.1.1	Fordeling på hovudart .....	33
9.2	Beskriving av verksemda i dag.....	33
9.3	Kostra-analyse .....	34
9.4	Driftsbudsjett med endringar .....	35
10	Helse og omsorg.....	36
10.1	Driftsbudsjett .....	36
10.1.1	Fordeling på hovudart.....	36
10.2	Beskriving av verksemda i dag .....	36
10.3	Kostra-analyse.....	39
10.4	Driftsbudsjett med endringar .....	40
11	Kultur, miljø og samfunn .....	41
11.1	Driftsbudsjett .....	41
11.1.1	Fordeling på hovudart .....	41
11.1.2	Beskriving av verksemda i dag .....	41
11.2	Kostra-analyse.....	43
11.3	Driftsbudsjett med endringar .....	43
12	Administrasjon og politikk.....	44
12.1	Driftsbudsjett .....	44
12.1.1	Fordeling på hovudart .....	44
12.2	Kostra-analyse.....	44
12.3	Driftsbudsjett med endringar .....	45

## 1 Føreord

Ser ein inn i glaskula for året 2023, så har den dogg på glaset og det er tåka bak glasveggen. Med andre ord, er det vanskeleg å treffe på økonomien til Årdal kommune for neste år. Me har ein prisauke som Noreg ikkje har fått kontroll på. Prisauken vil påverke forventningar til lønn. Får me ikkje kontroll, og helst betydeleg nedgang i prisveksten, slår dette også ut på rentenivået.

Det er ikkje teke høgde for ein stor pris- og lønnsvekst. Her må det vurderast tiltak i samband med revidert budsjett våren 2023.

Ser vi utanfor kommunen sitt virke – så veit me at Hydro går veldig bra, medan NorSun slit med tilgang på råstoff. Går me enda lengre ut i geografien vet me at utviklinga i Ukraina og valet i USA garantert vil påverke økonomien til Årdal kommune. Når me samstundes er prega av me er inne i ein periode med post-covid, så blir budsjettering ei vanskeleg øving.

Staten bidreg med ei betydeleg auke i overføringane til Årdal kommune. Kommunen blir i Vestland fylke kun slått av nabokommunen Lærdal i prosentvis auke i rammeoverføringar. Årdal får ein auke på 5,8 % - men ein vesentleg del av dette kan forklarast med at kommunen mister inntekter i skatt på verk og bruk. Dette er ei ordning som staten har redusert betydeleg – og som staten har sagt skal bli kompensert gjennom rammeoverføringane. Ser ein vekk frå denne kompensasjonen – så er Årdal midt i løypa blant dei andre kommunane i fylket med ein auke på 4,2 % frå Staten.

Formannskapet er fornøgd med at det blir lansert eit budsjett som inneberer ein auke i disposisjonsfondet. Det er forslag om to tiltak finansiert over – det eine er vidareføring av prosjektet *Attraktive bustader i Årdal*. Dette har vore eitt av tre delprosjekt i det treårige *Omdømmeprojektet*, men grunna kapasitetsutfordringar er det først no ein kan vere klar til eit større arbeid.

**Det andre tiltaket som det er forslag om er eit prosjekt over tre år – der ambisjonen er å styrke arbeidet med idrettsanlegg og frivilligheit innanfor idretten. Det er kjent at Årdal ikkje har vore flink til å hente inn eksterne midlar til idrettsanlegg og aktivitetar.**

**Det er no ønskjeleg at det tidleg i år 2023 vert etablert eit prosjekt og at det kjem på plass ein prosjektleiar/idrettskonsulent som styrkar dette arbeidet. Det er forslag om å sette av kr. 850.000,-frå disposisjonsfondet i tre år til dette tiltaket.**

Mange kommunar må ty til disposisjonsfond for å få drifta til å gå rundt. Her i Årdal vil politisk nivå få eit kraftfullt verktøy med eit disposisjonsfond som vert bygd opp med midlar frå sal av konsesjonskraft og utbytte frå Årdal Energi Holding AS. Dette vil komme til nytte når kommunen skal bidra med ny industrisatsing i kommunen.

Innbygarane i Årdal kjem til å merke at rekningane frå kommunen blir større. Sjølvkostområdet innan vatn, avløp og renovasjon i Årdal kommune står framfor ein prisauke grunna dyrare drift av tenestene, ingen fondsmidlar og stigande rentenivå. For 2023 legg kommunen fram ein vesentleg gebyrauke på omlag 47,7% for å tilpasse seg driftsnivå og unngå negativ utvikning av sjølvkostfond. Når Årdal får utført renovasjon av Simas IKS vil kostnadane på renovasjon gå ned. Ved årsskiftet neste år kan Årdal kommune vere fullverdig aktør i Simas IKS.

Formannskapet har ikkje forslag om store kutt i driftsbudsjettet. Budsjettala vert lagt rimeleg flatt - Neste år må det leggest inn ein reduksjon i drifta frå 2024 til 2026 – nivået på reduksjon må samkøyrast med planar og investeringar i samband med nytt omsorgssenter og ny Farnes skule. Dette blir ein del av ein større kuttpakke og fram mot 2026 må drifta reduserast med vel 12 mill. kr. Innsparingane blir henta

innanfor alle områda i Årdal kommune – men det er spesielt helse- og omsorg og utdanning og oppvekst som vil merke desse reduksjonane.

Det er ikkje forslag om nokon store enkelt investeringar neste år, men tre store tiltak kan vere i startgropa. Det er nytt omsorgssenter, ombygging/renovering Farnes skule og fleire idrettsanlegg. Først i 2024 er det forventta at det er behov for å ta opp større lån til eit eller fleire av desse tiltaka. Årdal kommune er i 2023 på trygg grunn når lånegjelda er under 75 % av planlagt brutto driftsresultat for kommunen neste år. Me får tid til å bygge opp vår kapitalbase og når det gjeld disposisjonsfondet vil me tilfredsstille staten sine forventningar om at fondet bør vere meir enn fem prosent av brutto driftsinntekter.

Kommunestyret har vedteke at det skal arbeidast for at det framtidige omsorgssenteret i Årdal skal ligge på Jernbanetomta på Årdalstangen. Forprosjekt for dette skal vere klart i mars 2023. Det kan bety at friluftsbassenget og tekniske bygg for bassenget må fjernast. Formannskapet meiner at dette bassenget ikkje bør opnast igjen. Det kan bli ei tilrettelegging av området allereie i 2023 – i tillegg har drifta av bassenget ein netto kostnad på rundt ein million kroner. Miljøperspektivet er også viktig. For å varme opp bassenget vert det brukt fleire hundre tusen kroner i diesel.

På grunn av at bassenget blir stengt, bør det settast i gang avbøtande tiltak for unge på Årdalstangen. Det er forslag som gratis buss til bading. Vidare bør kommunen hjelpe ungdomslaget i Seimsdalen med å få på plass ei toalettløsning ved Seimsdalsstrondi. Ein tredje viktig variabel er at i samband med ny kommuneplan, kan det leggest til rette for ei badevik ved Meierihopen på Tangen. Vatnet kan kanskje varmest opp med spillvarme.

Satsingar innan drift er også ønskjeleg. Tilflyttarkontoret blir ei permanent eining i Årdal kommune. Fram til no har dette tiltaket, som ein del av omdømmeprojektet, vore prosjektorganisert med ei levetid på tre år. Dette har blitt finansiert over disposisjonsfondet. Vidare er det ønskjeleg å få på plass ei stilling innan helse og omsorg – der fokuset blir oppfølging av sjukmeldte og rekruttering.

Årdal kommune har store utfordringar når det gjeld planverket. Kommunen har mellom anna ein reguleringsplan for Øvre Årdal som skulle ha vore fornya for fleire år sidan. Dagens planverk er mellom anna eit hinder for sentrumsutviklinga i Øvre Årdal. Det er derfor lagt inn midlar for ein 60% stilling som planressurs i 2023.

Videre har administrasjonen eit ønskje om å få i gang eit program innan leiarutvikling. Tilbakemeldingar frå dei tilsette seier at dei ynskjer å tryggast i rolla si som leiar. Særleg er mellomleiarar i ein krevjande posisjon. Med eit leiarutviklingsprogram kan leiarane i Årdal kommune bli meir trygge på rollen sin.

Staten har og ei forventning om at Årdal kommune går med eit overskot på 1,75 % i forhold til midlane kommunen får inn til drift. I skrivande stund ser det ut til at dersom me klarer å halde budsjettet, skal kommunen gå med eit overskot.

Summa summarum så er det ikkje forslag om store nedtak av drifta i Årdal kommune for 2023. Neste år er, grunna ei uforutsigbar omverd, økonomisk utrygg. Me tek høgde for ein liten auke i folketal og stabile skatteinntekter. Samtidig vert det i tala peika på me over tid skal bruke mindre av den store økonomiske potten på oppvekst og meir på omsorg. Da handlar det om ein demografi som fortel oss at det blir stadig fleire godt vaksne årdøler. Kommunen må fortsatt arbeide aktivt med å stabilisere folketalet og helst få til ein vekst.

**Hilmar Høl**  
**-ordfører-**

## 2 Budsjettvedtak

Grunnlaget for utarbeiding av budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er gjeldande økonomiplan og budsjett 2022/revidert budsjett 2022.

Sentrale føringar;

- Framlegg til statsbudsjett 2023 - kommuneopplegget
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av skatt på inntekt og formue
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av rammetilskot
- Korrigering av eigedomsskatt i samsvar med lovendringar
- Ajourføring av stillingsheimlar og lønsnivå utifrå bemanning 2022
- Lønsvest 2023 på 4,2% i høve statsbudsjett 2023
- Kommunal deflator 2023 (samla prisvekst) 3,7% i høve statsbudsjett 2023
- Det er lagt til grunn netto råmetildeling på tenestoområda.

Rammene i økonomiplan for år 1 (2023), er tilsvarande rammene for årsbudsjett 2023. I utarbeiding av årsbudsjett for 2023 har kommunedirektøren nytta økonomiplanen som grunnlag.

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er utarbeida med følgjande profil:

- Stramt kommunebudsjett med negativ realvekst og lite handlingsrom
- Kommunen prioriterer rammer for å sikra ei ansvarleg økonomisk drift, og for å dekke opp finansieringa av nye normer og krav
- Budsjett og økonomiplan prioriterer å halde nivået på tenesteytinga innanfor lovpålagte rammer, det kan forringe nivået på tenesteytinga
- Økonomiplan rettar prioriteringane mot dei voksende brukargruppene til kommunen og fokus på driftsstruktur
- Budsjett og økonomiplan sikrar ein positiv utvikling av netto driftsresultat, dette er nødvendig for å oppnå ein berekraftig kommuneøkonomi på lang sikt
- Strategien for å stabilisera befolkningsgrunnlaget fortsette gjennom vidareføring/inkludere av tilflyttarkontor i drift frå 2023
- Opprette årsverk for arbeid retta mot sjukefråvær og disponering av vikarar innan helse og omsorg
- Fokus på tilrettelegging av frivilligheit og idrett gjennom prosjektstillingar

Årdal kommune har vedteke (kst-049/22) å gå i dialog med SIMAS IKS for å bli fullverdig medlem av SIMAS IKS, og forslag til avtale skal leggast fram for kommunestyret for gjennomgang og godkjenning. Dette er venta framlagd hausten 2023.

Merk at budsjett 2022 er i det heile basert på eksisterande renovasjonsordning i kommunen, utan eventuelle kostnadsendringar knytt til verken vedtaket om medlemskap i SIMAS eller arbeid kring overgang til ny renovasjonsteneste måtte medføra i 2023.

Avtaleforhandlingane startar november 2022 og reelle budsjettkonsekvensar av denne prosessen er ved framlegg av saka ikkje kjent. Handlingsplan for renovasjonsområdet er og sett utan framtidige tiltak i budsjettet.

## 2.1 § 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Rammetilskot	-172 306	-169 772	-167 652	-193 634	-197 670	-199 237	-199 241
Inntekt- og formuesskatt	-178 047	-176 964	-185 502	-185 403	-185 403	-185 403	-185 403
Eigedomsskatt	-61 678	-60 681	-63 681	-65 228	-59 868	-54 508	-54 508
Andre generelle driftsinntekter	-29 503	-27 420	-27 420	-29 218	-29 218	-29 218	-29 218
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-441 534</b>	<b>-434 837</b>	<b>-444 255</b>	<b>-473 484</b>	<b>-472 160</b>	<b>-468 367</b>	<b>-468 371</b>
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>415 267</b>	<b>406 316</b>	<b>417 034</b>	<b>425 989</b>	<b>425 255</b>	<b>422 565</b>	<b>417 255</b>
Avskrivningar	30 813	26 133	26 133	27 164	27 164	27 164	27 164
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>446 080</b>	<b>432 449</b>	<b>443 167</b>	<b>453 153</b>	<b>452 419</b>	<b>449 729</b>	<b>444 419</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>4 547</b>	<b>-2 388</b>	<b>-1 088</b>	<b>-20 331</b>	<b>-19 741</b>	<b>-18 638</b>	<b>-23 952</b>
Renteinntekter	-1 440	-1 655	-1 655	-2 915	-3 015	-3 015	-3 015
Utbytte	-3 213	-4 500	-24 500	-21 000	-1 000	-1 000	-1 000
Renteutgifter	6 673	5 729	5 729	16 732	19 801	22 801	26 701
Avdrag på lån	23 709	27 640	26 640	24 845	25 086	26 297	28 224
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>25 729</b>	<b>27 214</b>	<b>6 214</b>	<b>17 662</b>	<b>40 872</b>	<b>45 083</b>	<b>50 910</b>
Motpost avskrivningar	-30 813	-26 134	-26 134	-27 164	-27 164	-27 164	-27 164
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-537</b>	<b>-1 308</b>	<b>-21 008</b>	<b>-29 833</b>	<b>-6 033</b>	<b>-719</b>	<b>-206</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	15 039	9 291	9 291	9 291	9 291	9 291	9 291
Bruk av bundne driftsfond	-27 821	-9 137	-9 137	-7 359	-7 359	-7 359	-7 359
Avsetningar til disposisjonsfond	13 319	4 154	24 154	30 000	6 200	886	373
Bruk av disposisjonsfond	0	-3 000	-3 300	-2 100	-2 100	-2 100	-2 100
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av</b>	<b>537</b>	<b>1 308</b>	<b>21 008</b>	<b>29 832</b>	<b>6 032</b>	<b>718</b>	<b>205</b>

Budsjett 2023 / Økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
<b>netto driftsresultat</b>							
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

## 2.2 § 5-4 Sum bevilgningar drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Folkevalde	6 188	5 302	5 325	5 684	5 684	5 684	5 684
Adm.leiing	22 131	23 879	24 452	23 398	23 198	23 198	23 198
Personalstab og fellesutgifter	8 481	10 295	10 861	11 924	11 924	11 924	11 924
Økonomistab	3 232	3 756	3 827	3 905	3 905	3 905	3 905
Støttestab	2 520	2 605	2 656	2 941	2 941	2 941	2 941
Utvikling	7 271	9 522	10 256	11 209	11 209	11 209	11 209
Tangen skule	27 407	28 785	26 618	28 671	28 671	28 671	28 671
Farnes skule	40 840	39 544	42 301	41 899	41 366	41 366	41 366
Barnehagar	41 233	36 557	39 597	40 990	40 989	38 299	32 989
Vaksenopplæring	3 954	3 250	3 523	4 200	4 200	4 200	4 200
Barnevern	11 172	10 123	10 196	10 299	10 299	10 299	10 299
Tildelingskontor	2 593	2 240	2 435	2 621	2 621	2 621	2 621
Pleie og omsorg	119 397	98 858	102 811	105 221	105 221	105 221	105 221
Bu- og miljøtenesta	50 980	47 298	50 684	51 310	51 310	51 310	51 310
Sosialtenester	7 163	7 814	7 947	8 327	8 327	8 327	8 327
Helse	44 491	38 964	41 464	44 816	44 816	44 816	44 816
Fritidstiltak	2 947	3 312	3 077	3 114	3 114	3 114	3 114
Kultur	3 542	2 943	3 311	3 671	3 671	3 671	3 671
Komm. Tek. forretningsdrift	-6 089	-10 184	-9 023	-14 682	-14 682	-14 682	-14 682
Tekniske tenester	13 742	14 412	14 540	14 309	14 309	14 309	14 309
FDV -	34 088	31 026	32 710	34 276	34 276	34 276	34 276
Forvaltning/Drift/vedlikehald							
Skatt/rammetilskot/renter/avdrag	-33 578	-11 295	-20 145	-19 745	-19 745	-19 745	-19 745
Momskompensasjon	-13 196	0	0	0	0	0	0
<b>Sum løyvingar drift, netto</b>	<b>400 510</b>	<b>399 005</b>	<b>409 423</b>	<b>418 357</b>	<b>417 623</b>	<b>414 933</b>	<b>409 623</b>
Av dette:							
Avskrivningar	6 710	6 097	6 097	7 128	7 128	7 128	7 128
Motpost avskrivningar	-6 710	-6 098	-6 098	-7 128	-7 128	-7 128	-7 128
Netto renteutgifter og -inntekter	378	1	1	1	1	1	1
Avsetningar til bundne driftsfond	8 286	1 826	1 826	1 826	1 826	1 826	1 826
Bruk av bundne driftsfond	-23 421	-9 137	-9 137	-7 359	-7 359	-7 359	-7 359
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-300	-2 100	-2 100	-2 100	-2 100
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>415 267</b>	<b>406 316</b>	<b>417 034</b>	<b>425 989</b>	<b>425 255</b>	<b>422 565</b>	<b>417 255</b>



## 2.3 § 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2A)

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Investeringar i varige driftsmidlar	35 105	30 610	55 165	103 220	199 770	218 220
Tilskot til andre sine investeringar	5 460	0	0	0	0	0
Utlån av egne midlar	7 826	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	2 304	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>52 186</b>	<b>30 610</b>	<b>55 165</b>	<b>103 220</b>	<b>199 770</b>	<b>218 220</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 335	-3 832	-8 461	-18 792	-34 012	-41 732
Tilskot frå andre	-2 707	0	0	0	0	0
Sal av varige driftmiddel	-2 556	0	-2 000	-1 000	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-2 657	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-36 418	-26 978	-42 304	-83 428	-165 758	-116 488
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-47 673</b>	<b>-30 610</b>	<b>-52 765</b>	<b>-103 220</b>	<b>-199 770</b>	<b>-148 660</b>
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	-60 000
Avsettingar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-1184	0	-2 400	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-3329	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>-4513</b>	<b>0</b>	<b>-2 400</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-60 000</b>

## 2.4 § 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B)

Beløp i 1000

INVESTERINGSBUDSJETT	2023	2024	2025	2026	Total
IKT-SKULE	1 060 000	1 060 000	1 060 000	1 060 000	4 240 000
IKT-PLATTFORM UTSTYR SERVERROM	500 000				500 000
IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
SKULANE - IMPLEMENTERING NYE LÆREVERK	950 000				950 000
IKT - DIGITALISERING BYGGESAK PLAN (ÅLS)	500 000				500 000
IKT - MOTIMATE Digitale kurs (ÅLS)	375 000				375 000
IKT- FELLES IK SYSTEM GDPR (ÅLS)	375 000				375 000
IKT - Digitalisering Barnevern teneste (DIGI Barnevern)	400 000				400 000
IKT - Velferdsteknologi	700 000				700 000
IKT - E-DEPONERING (Arkiv)	700 000				700 000
OMSORG - INVESTERINGSPLAN	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
UTGREIING NY SKULE OG BHG STRUKTUR (Farnes skule)	1 000 000	50 000 000	70 000 000		121 000 000
PROSJEKTMIDLAR OMSORGSSENTER	1 000 000				1 000 000
STRUKTURELLE INV. I OMSORG/OMSORGSSENTER		20 000 000	90 000 000	200 000 000	310 000 000
GATELYS LED	500 000	500 000			1 000 000
UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
LYSSETTING TURSTIAR (VASSBUGEN-LOI)	2 400 000				2 400 000
FDV MINDRE INVESTERINGAR	2 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	5 000 000
IDRETTS OG ANLEGGSPLAN (forskottering spelemidlar)	1 000 000	1 000 000	1 000 000		3 000 000
NYTT NØKKELSYSTEM ÅRDAL KOMMUNE	2 000 000				2 000 000
REVISION HOVEDPLAN UTEDRIFT	300 000				300 000
OFREDALSTUNNELEN -SIKRING			3 000 000		3 000 000
MALING AV BYGG	500 000	1 000 000			1 500 000
REHABILITERING FASASE RÅDHUSET	500 000				500 000
LADESTASJONAR EL-BIL RÅDHUSET	100 000				100 000
IDRETTS OG ANLEGGSPLAN - Jotun stadion	3 000 000				3 000 000
Farnes Skule ferdigstille skuleplass / merking	170 000				170 000
Farnes Skule inventar fellesrom ung.skule	150 000				150 000
Tangen skule inventar	200 000				200 000
Forprosjekt Rådhus II	500 000				500 000
Leikeplassar Bhg/Skule	1 000 000				1 000 000
Bustader (finansiert med salg)	1 000 000	1 000 000			2 000 000
Årdal kyrkje	11 125 000				11 125 000
Farnes kyrkje		11 100 000			11 100 000
Off. toalett kai Åtg - riving/nytt	250 000				250 000
Fyrrom Rådhuset (nytt/rehab) - forprosjekt	500 000				500 000
Ladestasjonar kommunale bygg	100 000				100 000
Årdalshallen - berevegg utjamningsbasseng/overløp	1 000 000				1 000 000
Reinholdsmaskiner/utstyr	400 000				400 000
Sikring elvelaup Svalheim, må takast tidleg (2023) grunna førebygging	1 250 000				1 250 000
2 stk. bom (kommunal veg Haug / Ofredal)	200 000				200 000
Kranflak til Lastebil	1 000 000				1 000 000
Robotklippar Jotun stadion	300 000				300 000
Brøyteskjær	300 000				300 000
Lys gangveg bak Jotun stadion		2 000 000			2 000 000
Hovudplan/temaplan (Utedrift)		300 000			300 000
Gravemaskin kyrkjegard mm		2 000 000			2 000 000
Traktor				2 000 000	2 000 000

Budsjett 2023 / Økonomiplan for 2023-2026

Plenklippar				600 000	<b>600 000</b>
Feiemaskin			1 000 000		<b>1 000 000</b>
Kantklippar (veg)				1 000 000	<b>1 000 000</b>
TOTAL INVESTERING EKS VAR	<b>42 305 000</b>	<b>93 960 000</b>	<b>170 060 000</b>	<b>208 660 000</b>	<b>514 985 000</b>
VATN	5 950 000	3 750 000	1 000 000		<b>10 700 000</b>
AVLØP	7 600 000	3 400 000	1 000 000		<b>12 000 000</b>
RENOVASJON	0	0	0	0	<b>0</b>
TOTAL VAR	<b>13 550 000</b>	<b>7 150 000</b>	<b>2 000 000</b>		<b>22 700 000</b>
TOTALT	<b>55 855 000</b>	<b>101 110 000</b>	<b>172 060 000</b>	<b>208 660 000</b>	<b>537 685 000</b>

## 2.5 § 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Rammetilskot	-172 306	-169 807	-167 687	-193 669	-197 705	-199 272	-199 276
Skatt på inntekt og formue	-178 047	-176 964	-185 502	-185 403	-185 403	-185 403	-185 403
Eigedomsskatt	-61 678	-60 681	-63 681	-65 228	-59 868	-54 508	-54 508
Andre	-28 183	-25 900	-25 900	-27 698	-27 698	-27 698	-27 698
skatteinntekter							
Andre	-6 539	-9 989	-9 989	-9 989	-9 989	-9 989	-9 989
overføringer og tilskot frå staten							
Overføringer og tilskot frå andre	-97 896	-64 950	-65 810	-68 385	-68 385	-68 385	-68 385
Brukarbetalingar	-19 840	-19 758	-19 758	-19 257	-19 258	-19 258	-19 258
Sals- og leigeinntekter	-53 913	-53 082	-52 082	-65 975	-65 975	-65 975	-65 975
<b>Sum</b>	<b>-618 401</b>	<b>-581 130</b>	<b>-590 408</b>	<b>-635 605</b>	<b>-634 282</b>	<b>-630 489</b>	<b>-630 493</b>
<b>driftsinntekter</b>							
Utgifter til løn	334 591	331 798	343 552	346 524	345 991	343 301	337 991
Sosiale utgifter	66 942	78 063	72 555	83 989	83 989	83 989	83 989
Kjøp av varer og tenester	148 438	125 304	129 385	138 954	138 954	138 954	138 954
Overføringer og tilskot til andre	42 164	17 445	17 695	18 643	18 443	18 443	18 443
Avskrivningar	30 813	26 133	26 133	27 164	27 164	27 164	27 164
<b>Sum</b>	<b>622 948</b>	<b>578 743</b>	<b>589 321</b>	<b>615 274</b>	<b>614 541</b>	<b>611 851</b>	<b>606 541</b>
<b>driftsutgifter</b>							
<b>Brutto</b>	<b>4 547</b>	<b>-2 388</b>	<b>-1 088</b>	<b>-20 331</b>	<b>-19 741</b>	<b>-18 638</b>	<b>-23 952</b>
<b>driftsresultat</b>							
Renteinntekter	-1 440	-1 655	-1 655	-2 915	-3 015	-3 015	-3 015
Utbytte	-3 213	-4 500	-24 500	-21 000	-1 000	-1 000	-1 000
Renteutgifter	6 673	5 729	5 729	16 732	19 801	22 801	26 701
Avdrag på lån	23 709	27 640	26 640	24 845	25 086	26 297	28 224
<b>Netto</b>	<b>25 729</b>	<b>27 214</b>	<b>6 214</b>	<b>17 662</b>	<b>40 872</b>	<b>45 083</b>	<b>50 910</b>
<b>finansutgifter</b>							
Motpost avskrivningar	-30 813	-26 134	-26 134	-27 164	-27 164	-27 164	-27 164

## Budsjett 2023 / Økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
<b>Netto driftsresultat</b>	-537	-1 308	-21 008	-29 833	-6 033	-719	-206
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	15 039	9 291	9 291	9 291	9 291	9 291	9 291
Bruk av bundne driftsfond	-27 821	-9 137	-9 137	-7 359	-7 359	-7 359	-7 359
Avsettingar til disposisjonsfond	13 319	4 154	24 154	30 000	6 200	886	373
Bruk av disposisjonsfond	0	-3 000	-3 300	-2 100	-2 100	-2 100	-2 100
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>537</b>	<b>1 308</b>	<b>21 008</b>	<b>29 832</b>	<b>6 032</b>	<b>718</b>	<b>205</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 3 Plangrunnlaget

§ 14-1 til § 14-5 i Kommuneleva er grunnlaget for økonomiplan og årsbudsjett.

Økonomiplan for dei neste fire åra og årsbudsjettet for det komande året skal vedtakast før årsskiftet.

Formannskapet innstiller til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett. Innstilling frå formannskap skal ligge ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid, og det skal utarbeidast samordna og realistiske planar for eigen verksemd og økonomi, samt for lokalsamfunnet si utvikling.

For å ivareta langsiktig berekraftig kommuneøkonomi, skal finansielle måltal for kommunen sin økonomiske utvikling vedtakast.

Økonomiplan skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp.

Økonomiplan og budsjett skal settast opp i balanse og være realistisk, fullstendig og oversiktleg.

## 4 Status og rammevilkår

### 4.1 Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2023

Det er rekna med ein korrigert skatteauke for kommunane frå 2022 til 2023 med 0,5 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2023 byggjer blant anna på pårekna lønsvekst (4,2 prosent) og oppjustering av det kommunale skatteøyret. I denne prosentveksten for skattevekst frå 2022 til 2023 er ekstraordinær utbytteskatt i år korrigert ut av grunnlaget for 2022.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir oppjustert frå 10,95 prosent i 2022 til 11,15 prosent i 2023.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2023.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane - kommunal deflator - er i framlegget 3,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- Prisvekst produktinnsats 3,0 prosent
- Prisvekst investeringar 3,2 prosent
- Lønsvekst 4,2 prosent
- Samla prisvekst 3,7 prosent

#### 4.1.1 Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2022 til 2023 på om lag kr 1,7 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Den ekstraordinære og mellombelse skatteveksten i år frå utbytteskatt er ikkje med i grunnlaget for inntektsvekst frå 2022 til 2023. Kompensasjon for andre mellombelse tiltak som koronatiltak er også korrigert ut av grunnlaget for pårekna inntektsvekst.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2022 til 2023 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Veksten i frie inntekter må blant anna dekke auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga.

Det er ein vesentleg auke i pårekna demografikostnader for 2023 samanlikna med det som var lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Dette kjem i hovudsak som følgje av flyktingar frå Ukraina.

Pårekna meirkostnader demografi i 2023 er førebels rekna til om lag kr 1,7 mrd. for primærkommunane. Dette er den delen av meirkostnadene som må bli dekte av veksten dei frie inntektene.

Auken i frie inntekter og demografikostnader er difor om lag på same nivå, kr 1,7 mrd. Det er m.a.o. lagt til grunn at auken i dei pårekna demografikostnadene blir dekte inn med auken i frie inntekter.

For pensjonskostnader samanlikna med pårekna lønsvekst i 2023, er det rekna med ein nedgang på totalt om lag kr 100 mill. Fordelinga er 90 prosent på kommunane og 10 prosent på fylkes-kommunane. Det er stor uvisse knytt til overslaget.

#### **4.1.2 Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – på kvar kommune**


Rammeoverføring, pårekna frie inntekter, pårekna skatt og inntektsutjamning i 2023 byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2021. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2022 og 2023.

I berekning av skatteprognose for 2023 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2021 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2021. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justere for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2023.

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget
- opptrapping av kompensasjon for gradvis reduksjon i eigedomsskatt i overgangsperiode frå endring i skattereglar f.o.m. 2019 (reduksjon i eigedomsskatt inngår ikkje i utrekninga av prosentvekst i vedlagt tabell)

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane i landet sine samla frie inntekter frå 2022 til 2023 med 3,5 prosent. Denne veksten er rekna i høve til pårekna inntektsnivå i år (rekneskap 2022), medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er også 3,5 prosent.



Årdal kommune har ein nominell vekst i frie inntekter på 5,8% jfr tabelloversikten. Korrigert for kompensasjon reduksjon eigedomsskatt/reduksjon i eigedomsskatt er veksten på omlag 4,0%

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst for dei frie inntektene er korrigert for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten. I utrekning av prosentvekst er det også korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

I vedlagt tabell er ekstraordinære løyvingar i samband med koronatiltak i 2022 og meirskattevekst i 2022 frå utbytte korrigert ut av grunnlaget for 2022 i berekninga av veksten i frie inntekter frå 2022 til 2023.

### Tilskot per grunnskule

For 2022 er det gitt eit tilskot på kr 500 000,- per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling basert på talet for grunnskular i kommunane i skuleåret 2021/2022 og er finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane. Tilskotet er vidareført i framlegget for 2023, i underkant av kr 1,3 mrd. samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløpa for innbyggjartilskot. Tilskotssats blir prisjustert for 2023 til kr 519 000,- per grunnskule.

### Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunnlagt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2022 til 2023, med priskompensasjon på 3,7 prosent. For 2023 er rammetilskotet knytt til føremålet kr 987,4 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000,- per kommune.

### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med

det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2023 vil vere basert på direkte lønsutgifter i 2022 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2023:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslags-nivået. Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2023 er netto utgifter i 2022.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1 470 000,- til kr 1 526 000,-. Auken i innslagsnivå er lik pårekna lønsvekst i prosent i 2022 (3,8 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2023, skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2022. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekte frå berekningsgrunnlaget.

### **Heildøgns omsorgsplassar**

I statsbudsjettet for 2023 er det ikkje framlegg om å prioritere eigne stimuleringsmidlar i investeringstilskotet til heildøgns omsorgsplassar. I statsbudsjettet for kommande år er det ikkje løyvd pengar som Husbanken kan disponere til vidaretildeling til kommunar korkje for nye omsorgsbustadar eller sjukeheimsplassar. Dette fører til ei økonomisk usikkerheit i arbeidet me har føre oss med planlegging og bygging av eit nytt omsorgssenter.

### **Vedtak for 2022 - heilårsverknad i 2023**

I statsbudsjettet for 2022 vart det løyvd kr 640 mill. meir til gratis kjernetid i SFO for førsteklasingar frå hausten 2022 og kompensasjon kr 187 mill. for bortfall av avkorting av barnetrygd i sosialhjelp frå 1. september 2022. Begge dei nemnde tiltaka vil gi heilårsverknad i 2023.

### **Konsesjonskraftinntekter**

Høge straumprisar har gitt vesentleg høgare verdi på konsesjonskrafta. Det er difor framlegg om eit eittårig trekk på rammetilskotet i 2023 frå kommunar og fylkeskommunar som har inntekter frå konsesjonskraft, og som ligg i område med høgaste prisar. Det samla trekket på landsbasis er kr 3 mrd., fordelt med kr 2,2 mrd. for kommunane og kr 0,8 mrd. for fylkeskommunane.

Kraftkommunane skal rapportere til departementet om verdien av konsesjonskraft innan 1. desember d.å., som eit grunnlag for berekning av trekk i rammetilskotet i 2023. Den endelege fordelinga av trekket vil difor bli fastsett etter 1. desember og innan året er omme. Departementet vil gi nærare informasjon om rapporteringa.

### **Grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft**

Kommunane har inntekter frå havbruk frå vekst i oppdrettsnæringa frå Havbruksfond og produksjonsavgift. Frå 1. juli 2022 er det ei ny særavgift på landbasert vindkraft som skal gå til vertskommunane. Kommunane kan også ha eigedomsskatt knytt til havbruk og vindkraft. Dette gjeld ikkje Årdal kommune.

### **Skjønstilskot**

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir redusert frå kr 850 mill. i 2022 til kr 800 mill. i 2023. Vestland si ramme er redusert frå kr 145,0 mill. i 2022 til kr 139,1 mill. i 2023.

Ein del av skjønnsramma for 2023 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2023. Statsforvaltaren i Vestland har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjøn i



statsbudsjettet (kr 109,1 mill.), fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr 15,0 mill.) og til fordeling i budsjettåret (kr 15,0 mill.). Årdal kommune mottek ikkje noko ordinært skjønstilskot for 2023.

## **4.2 Utfordringar og strategi for kommunen**

Utfordringane Årdal kommune står ovanfor når det gjeld nedgang i inntekter, folketal og endring av demografi, betingar at kommunen fortsatt må ha fokus på omstilling og strukturendring innanfor alle områder. Dette for at tenesteytinga vert best mogleg innanfor tilgjengelege ressursar og effektivitet.

Kommunen må ha som målsetting å oppnå eit netto driftsresultat over tid på 1,75% av driftsinntektene, noko som er det anbefalte resultatet ein kommune bør ligge på over tid for å ha ein sunn økonomi.

På den måten kan kommunen oppnå eit positivt netto driftsresultat og bygge opp den frie eigenkapitalen og bidra til eigenfinansiering av investeringar. Dette vil og bidra til at kommunen vert mindre sårbar for svingingar i økonomien og møte uføresette hendingar i drift som har økonomiske konsekvensar.

Ein strategi for å betre økonomien gjennom demografiutvikling vil være å styrka omdømme, betra tilflytting og med det stabilisering av folketal og økonomi. Utfordringane Årdal står ovanfor kan mellom anna imøtekommast ved fortsette med tilflyttarkontor og vidare satsing knytt mot bustader.

Samstundes må det planleggast og setjast i verk strukturelle grep, gjennomgang av alle tenestevedtak, reduksjon av kostnader med vikarar og planlegging av korleis skulane, barnehagane og omsorgstenesta skal organiserast i framtida.

Årdal kommune har dei tre siste budsjettåra arbeidd med tre delprosjekt/tiltak som saman skulle bidra til at Årdal blir ein kommune med høg attraktivitet og auka bu og bli-lyst.

Dei tre delprosjekta kan sjåast på som delmål som har stor nytte i seg sjølv, men der hovudmålsettinga er å stabilisere folketalet.

### **1. Delprosjektet #Årdal – mykje meir enn du trur!**

Prosjektet har hatt fokus på kommunikasjon om og rekruttering til Årdal. Å betra omdømme, med reell informasjon om kva moglegheiter som er her samt skape møteplassar og aktivitetar for alle innbyggjarane i kommunen, vil gjennom systematisk arbeid sikre eit betre omdømme av kommunen og betra både bu og bli-lysta i kommunen.

Konkrete tiltak under dette delprosjektet er etableringa av tilflyttarkontoret, kommunen si involvering i turistinformasjonen samt etablering av frivilligsentral nr 2 i Årdal. Prosjektet blir vidareført med desse tiltaka og vil bli innarbeida i budsjettet for 2023.

### **2. Delprosjekt Miljøkommunen Årdal.**

Årdal skal bli ein av landets fremste miljøkommunar. Kommunen har eit særst godt utgangspunkt. Årdal er med to tettstader eit berekraftig samfunn, med ein industri som produserer miljøprodukt med bruk av den reinaste energien som finst. Satsinga blir avslutta som prosjekt og vidareført av administrasjonen innanfor noverande budsjettamme.

### **3. Delprosjekt Attraktive bustader i Årdal.**

Kommunen skal bistå i arbeidet med å finne rett type bustad til rett person, det kan vera alt frå skuleeleven på vidaregåande til eldre som ynskjer å bli buande lengst mogleg heime samt vere ein pådrivar til at det vert etablert attraktive bustadar i kommunen.

Budsjett 2023 legg til grunn at arbeidet med dette delprosjektet blir oppretthaldt som prosjekt og at prosjektet blir finansiert med inntil kr. 1 mill. av disposisjonsfondet.

Det blir utarbeida ein sluttrapport som blir lagt ved budsjettet.

### **Frivilligsentral Årdalstangen**

I arbeidet med helse og omsorgsplan som vart vedteke i 2019 kom det innspel frå dei frivillige og delar av tenesta at dei hadde behov for ein koordinator for å kunne samordne tenester frå frivillige i omsorgstenestene og utvikle samarbeidet mellom skular og kommunale tenestestadar.

I andre kommunar er det gjerne etablert frivilligsentralar som gjer dette. Frivilligsentralen i Øvre Årdal koordinerer ein del av aktiviteten, men for å styrke innsatsen vurderer administrasjonen det som naudsynt å etablere ein frivilligsentral til i kommunen. Det er da naturleg å legge denne på Årdalstangen. Behovet er synleggjort i kommunen sin samfunnsplan som vart vedteken tidlegare i år.

Reglane for etablering og økonomi for nye frivilligsentralar har vore under revidering og er no på plass. Årdal kommune har komme så langt at ein er klar til å søkje om midlar til sentral i 2023 og vil gjere dette innan fristen 1. desember 2022. Ein legg difor inn ei auke på budsjettet til kommunen sin andel av utgifter til ein frivilligsentral med lokale på Årdalstangen. Det har tradisjonelt vore 60 prosent statleg finansiering av total stillingsprosent opptil ein heil stilling ved kvar sentral.

### **Klima, energi og miljø**

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Årdal kommune, *Teknologi og miljø inn i framtida*, vedteken 16. juni 2022, gjev retning og strategiar for innsatsen innan klima, energi og miljø. FN sine 17 berekraftsmål er det overordna rammeverket for vidare utvikling og omstilling av både kommunen som organisasjon og samfunnet som heilskap.

Innanfor berekraftmåla, har Årdal ulike utfordringar som det er naudsynt å ta tak i. Klimaendringar, med aukande klimarisiko, samt tap av naturmangfald, krev omstilling på mange område. Arealbruksendringar er ein av hovudgrunnane til negativ utvikling. Dette medfører eit behov for nye arealstrategiar, der ein avgrensar arealbruk, som utbygging for hytter og næring, fortettar, og reparerer areal som er øydelagd og fører det tilbake til naturen (arealnøytralitet). Det er mange gamle reguleringsplanar og ein stor del av byggesaker om hyttebygging eller i bygdene, vert handtert som dispensasjonsaker. Det vil såleis vera behov for å sjå på arealbruk til ulike føremål, forvaltnings-praksis og laga nye reguleringsplanar.

Årdal kommune har store klimagassutslepp, og behov for klimagasskutt. Omstillinga i verda går ikkje fort nok, og det vert meir ekstremvær, med flaum, ras, samt havnivåstigning å ta omsyn til. Samstundes aukar interessa for naturen i Årdal og nasjonalparkkommunen. Det er behov for meir innsats for å utvikla kommunen som ein trygg og attraktiv stad, med grøn utvikling for innbyggjarar og besøkande.

Årdal kommune har god tilgang på fornybar energi, og kan nytta denne føremonen i vidare utvikling. Energibehovet vil fortsetta å auka. For at ein ikkje skal øydeleggja stadig meir natur for å dekkja energibehova, må ein å sjå på varierte måtar å produsera og nytta energi på, som bruk av spillvarme, meir energieffektivisering, med meir. Føremonar i Årdal, med høg teknologikompetanse i bygda, vil kunne føra med seg grøn teknologiutvikling innan klima og energi i åra framover.

Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lev i dag, utan å øydeleggja for korleis framtidige generasjonar skal få dekkja behova sine. Prosjektet «Miljøkommunen Årdal», er eit viktig verktøy for å løfta fram tiltak som skal bidra til å nå målsettingar innan klima, energi og miljø.

Administrasjonen er prega av høg kvalitet og kompetanse. Samtidig er det utfordringar med å skaffa kvalifisert personell på spesifikke fagområde. Dette gjeld særskilt klima, energi og miljø. Årdal kommune bør ta sikte på å rekruttera høg kompetanse innanfor plan, klima, energi og miljø.

Dei framtidige investeringane kommunen legg til grunn, er i hovudsak lagt opp med hovudprioritering mot vedteken helse- og omsorgsplan der rehabilitering av sjukeheim / strukturelle investeringar innan helse og omsorg er sentralt. I tillegg kjem ei prioritert investering retta mot oppvekst og Farnes skule. Dette er i planperioden 2023-2026 lagt inn med ein investering på 451 mill. kr av eit totalt investeringsbudsjett på 576 mill. kr.

### 4.3 Utvikling i økonomiske nøkkeltal

	Årdal 2020	Årdal 2021	Landet uten Oslo	Kostragruppe 02
<b>Prioritet</b>				
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	2,0 %	4,0 %	13,7 %	11,8 %
<b>Økonomi</b>				
Frie inntekter i kroner per innbygger (B)	65 602	71 557	63 840	68 039
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-1,3 %	0,6 %	4,2 %	2,9 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	77 668	79 744	90 299	112 022
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	67,6 %	65,5 %	93,0 %	99,6 %

## 5 Investeringar i økonomiplanen

Utgangspunktet for investeringane i planperioden 2023-2026 er gjeldande økonomiplan 2022-2025 og oppdaterte handlingsplanar frå FDV og VAR.

Dei framtidige investeringane kommunen legg til grunn, er i hovudsak lagt opp med hovudprioritering mot vedteken helse- og omsorgsplan der rehabilitering av sjukeheim og strukturelle investeringar innan helse og omsorg er sentralt. I planperioden 2023-2026 er dette lagt inn med ein lånefinansiert investering på 310 mill. kr og bruk av eigenkapital på 60 mill. kr. Stønadsordningar frå Husbanken kjem i tillegg. Pågåande prosjektarbeid kan gje endringar i finansieringsoppsett.

Innanfor utdanning og oppvekst er det lagt inn lånefinansiert bygging av eit nytt felles skule- og barnehage bygg på 121 mill. kr.. Pågåande prosjektarbeid kan gje endringar i finansierings oppsett.

Årdal kyrkjelege fellesråd har meldt inn ein byggteknisk tilstand for begge kyrkjene i kommunen som er utfordrande, og ein står framfor eit omfattande investeringsbehov på både Årdal kyrkje og Farnes kyrkje. Årdal kyrkje har eit omfattande restaureringsbehov og situasjonen tilseier at den lyt prioriterast først.

Kyrkja har vernestatus (byggjeår 1867) og kan få tilført eksterne midlar sidan den er listeført hjå Riksantikvar. Det vil bli søkt om midlar utover kommunen sin finansiering. For Farnes kyrkje er det behov for og tilrådd ny tekking av alle tak, då det i fleire år har vore utfordringar med lekkasjar i bygget og dokumenterte vass-skadar. I Investeringsplanen ligg det inne kr 11, 1 mill. for Årdal kyrkje i 2023 og kr 11,1 mill. for Farnes kyrkje i 2024.

Idretts- og anleggsplan for Årdal kommune er revidert i 2022. I investeringsbudsjettet er det sett av kr 1 mill. til sikringstiltak i Årdalshallen og kr 3 mill. til Jotun stadion. Framtidige investeringar knytt til idretts- og anleggsplan er ikkje prioritert dei neste 4 åra. Med den økonomiske stoda og behovet for investeringar i Årdal kommune, må ein i framtida gjere rekning med at idrettslaga som brukar dei ulike anlegga vert med i finansieringa av rehabilitering og nybygging av idrettsanlegg.

### Investeringar på teknisk, plan og miljø

Ved avdeling Utedrift har ein inngått kontrakt med Presis vegdrift om brøyting av «dalane» der det er Fylkeskommunal veg. Det er da behov for å kjøpa noko utstyr. Det er og satt opp innkjøp av robotklyppar på Jotun stadion. Det er i tillegg satt opp ein post på sikring (plastring) av elvelaup på Svalheim da vi har utfordringar der med at elva grev seg utover på sidene.

I avdeling FDV er det lagt inn ei investering på «leikeplassar skule og barnehage» som er ny. Dette med bakgrunn i at det er fjerna leikeapparat i både Einehaugen barnehage og Årdalstangen barnehage som må erstattast.

Ein ny post er midlar til ny «beregvegg i Årdalshallen i utjamningsbassenget på symjebassenget». Det ligg ein tilstandsrapport frå 2020 som underbygger dette, og det er satt inn ei midlertidig støtte der. Rapporten konkludera med at det må byggast vegg i 2023.

Mindre investeringar er auka med 1 million til 2 millionar. Det er mange «mindre» vedlikehaldsoppgåver som ligger på vent. Der har FDV ei eiga tiltaksliste å gå etter.

Reinhold har i dag ikkje godt nok utstyr som er ein føresetnad for å reingjera og vedlikehalda bygga i Årdal kommune. Det er lagt inn ein post med dette i økonomiplan.

I framlegg til investeringsbudsjett inngår det ikkje noko investeringar knytt til handlingsplanar for renovasjon, då renovasjonsordninga er under endring.

I tillegg vert uferdige prosjekt med løyving i 2022 overført til 2023, jamfør sak om budsjettendringar i investeringsbudsjett 2022 som vert fremja som eigen sak i formannskap.

## 5.1 Oversikt Investering og finansiering

### 5.2 § 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Investeringar i varige driftsmidlar	35 105	30 610	55 165	103 220	199 770	218 220
Tilskot til andre sine investeringar	5 460	0	0	0	0	0
Utlån av egne midlar	7 826	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	2 304	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>52 186</b>	<b>30 610</b>	<b>55 165</b>	<b>103 220</b>	<b>199 770</b>	<b>218 220</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 335	-3 832	-8 461	-18 792	-34 012	-41 732
Tilskot frå andre	-2 707	0	0	0	0	0
Sal av varige driftmiddel	-2 556	0	-2 000	-1 000	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-2 657	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-36 418	-26 978	-42 304	-83 428	-165 758	-116 488
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-47 673</b>	<b>-30 610</b>	<b>-52 765</b>	<b>-103 220</b>	<b>-199 770</b>	<b>-148 660</b>
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	-60 000
Avsettingar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-1184	0	-2 400	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-3329	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>-4513</b>	<b>0</b>	<b>-2 400</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-60 000</b>

### 5.3 § 5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B)

Beløp i 1000

INVESTERINGSBUDSJETT	2023	2024	2025	2026	Total
IKT-SKULE	1 060 000	1 060 000	1 060 000	1 060 000	4 240 000
IKT-PLATTFORM UTSTYR SERVERROM	500 000				500 000
IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
SKULANE - IMPLEMENTERING NYE LÆREVERK	950 000				950 000
IKT - DIGITALISERING BYGGESAK PLAN (ÅLS)	500 000				500 000
IKT - MOTIMATE Digitale kurs (ÅLS)	375 000				375 000
IKT- FELLES IK SYSTEM GDPR (ÅLS)	375 000				375 000
IKT - Digitalisering Barnevern teneste (DIGI Barnevern)	400 000				400 000
IKT - Velferdsteknologi	700 000				700 000
IKT - E-DEPONERING (Arkiv)	700 000				700 000
OMSORG - INVESTERINGSPLAN	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
UTGREIING NY SKULE OG BHG STRUKTUR (Farnes skule)	1 000 000	50 000 000	70 000 000		121 000
PROSJEKTMIDLAR OMSORGSSENTER	1 000 000				1 000 000
				200 000	310 000
STRUKTURELLE INV. I OMSORG/OMSORGSSENTER		20 000 000	90 000 000	000	000
GATELYS LED	500 000	500 000			1 000 000
UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
LYSSETTING TURSTIAR (VASSBUGEN-LOI)	2 400 000				2 400 000
FDV MINDRE INVESTERINGAR	2 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	5 000 000
IDRETTS OG ANLEGGSPLAN (forskottering spelemidlar)	1 000 000	1 000 000	1 000 000		3 000 000
NYTT NØKKELSYSTEM ÅRDAL KOMMUNE	2 000 000				2 000 000
REVISJON HOVEDPLAN UTEDRIFT	300 000				300 000
OFREDALSTUNNELEN -SIKRING			3 000 000		3 000 000
MALING AV BYGG	500 000	1 000 000			1 500 000
REHABILITERING FASASE RÅDHUSET	500 000				500 000
LADESTASJONAR EL-BIL RÅDHUSET	100 000				100 000
IDRETTS OG ANLEGGSPLAN - Jotun stadion	3 000 000				3 000 000
Farnes Skule ferdigstille skuleplass / merking	170 000				170 000
Farnes Skule inventar fellesrom ung.skule	150 000				150 000
Tangen skule inventar	200 000				200 000
Forprosjekt Rådhus II	500 000				500 000
Leikeplassar Bhg/Skule	1 000 000				1 000 000
Bustader (finansiert med sal)	1 000 000	1 000 000			2 000 000
Årdal kyrkje	11 125 000				11 125 000
Farnes kyrkje		11 100 000			11 100 000
Off toalett kai Åtg - riving/nytt	250 000				250 000
Fyrrom Rådhuset (nytt/rehab) - forprosjekt	500 000				500 000
Ladestasjonar kommunale bygg	100 000				100 000
Årdalshallen - berevegg utjammingsbasseng/overløp	1 000 000				1 000 000
Reinholdsmaskiner/utstyr	400 000				400 000
Sikring elvelaup Svalheim, må takast tidleg (2023) grunna førebygging	1 250 000				1 250 000
2 stk. bom (kommunal veg Haug / Ofredal)	200 000				200 000
Kranflak til Lastebil	1 000 000				1 000 000
Robotklippar Jotun stadion	300 000				300 000
Brøyteskjær	300 000				300 000
Lys gangveg bak Jotun stadion		2 000 000			2 000 000
Hovudplan/temaplan (Utedrift)		300 000			300 000
Gravemaskin kyrkjegard mm		2 000 000			2 000 000

Traktor				2 000 000	<b>2 000 000</b>
Plenklippar				600 000	<b>600 000</b>
Feiemaskin			1 000 000		<b>1 000 000</b>
Kantklippar (veg)				1 000 000	<b>1 000 000</b>
<b>TOTAL INVESTERING EKS VAR</b>	<b>42 305 000</b>	<b>93 960 000</b>	<b>170 060 000</b>	<b>208 660 000</b>	<b>514 985 000</b>
VATN	5 950 000	3 750 000	1 000 000		<b>10 700 000</b>
AVLØP	7 600 000	3 400 000	1 000 000		<b>12 000 000</b>
RENOVASJON	0	0	0	0	<b>0</b>
<b>TOTAL VAR</b>	<b>13 550 000</b>	<b>7 150 000</b>	<b>2 000 000</b>		<b>22 700 000</b>
<b>TOTALT</b>	<b>55 855 000</b>	<b>101 110 000</b>	<b>172 060 000</b>	<b>208 660 000</b>	<b>537 685 000</b>

## 6 Hovudtala i budsjettforslaget

### 6.1.1 Befolkningsprognose

SSB befolkningsframskriving syner eit estimert folketal for Årdal kommune på 5.169 innbyggjarar pr 1. januar 2023. Utviklinga i 2. og 3. kvartal hittil i år i tillegg til ein venta auke flyktningar, tilseier at folketalet vert om lag 5.250 innbyggjarar per 1. januar 2023. Dette vert lagt til grunn for berekning av skatt og rammetilskot i planperioden, då planverk og strategiar har ei målsetting om å oppretthalda og auke folketalet i perioden.

Befolkningsframskrivinga til SSB syner eit folketal på 5.028 innbyggjarar 1. januar 2026 og indikerer såleis kommunen sine utfordringar framover i planperioden. Men befolkningsframskrivinga syner no ein mindre markant nedgang og ein auke i prognosen for 2026 samanlikna med tidlegare framskrivingar (auke på 167 innbyggjarar).

### 6.1.2 Skatt på inntekt og formue / rammetilskot

Grunnlaget for skatt på inntekt og formue er ein positiv vekst i skatteinntekter på 5% i 2022, og ingen auke (0,0%) i 2023. Skatteveksten syner elles ein flat utvikling på tilnærma 0% vidare i planperioden.

Grunnlag for rammetilskotet er med bakgrunn i 5.250 innbyggjarar pr. 1. januar 2023 og utarbeida i høve KS sin prognosemodell.

### 6.1.3 Eigedomsskatt forretningseigedom

Skatt på eigedom er justert for endringane innan taksering av verk og bruk som vart gjeldande frå 2019, og justert for endringa i kompensasjon vedteke i tidlegare statsbudsjett (2021).

Årdal kommune mister inntekt på kr 2.679.571,- årleg, totalt kr 18.756.997,- fram til og med 2025 som ei følge av at eigedomskategorien verk og bruk forsvinn.

Frå Statsforvaltaren var kommunen opprinneleg (2019) tilkjent ein årleg kompensasjon for verk og bruk endringa på kr 2.590.569,- årleg, totalt kr 18.133.983 over 7 år. I framlegget for statsbudsjett 2021 vart kompensasjonen redusert frå 500mill til 300 mill., og endringa gjev ein årleg reduksjon i kompensasjonen på kr 403.569,- (jamfør Grønt Hefte 2021 tabell C-k). Kompensasjonen er innarbeida i innbyggjartilskotet og vert utbetalt via rammetilskot, dette er med på å gje Årdal kommune ein "feil" inntektsvekst ved framlegg av Statsbudsjettet/Grønt hefte. Ved å nytte KS sin prognosemodell for rammetilskott vert dette såleis innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

Det er ikkje avklara kva som vil skje med denne kompensasjonsordninga frå og med år 2026, men det er lagt til grunn ein vidareføring av denne for 2026. Eit fråfall av kompensasjon vil gje Årdal kommune ein betydeleg økonomisk utfordring som må innarbeidast i dei komande budsjett og økonomiplanar om ikkje rammevilkåra vert endra. Resultatet av klagesaker knytt til denne retakseringa er ikkje kjent og er ikkje innarbeida i framlegget.

Årdal kommune gjennomførte ein lovpålagt 10-års taksering av eigedomsskatt fom. skatteåret 2022. Nivået på eigedomsskatt forretningseigedom etter 10-års taksering er innarbeidd med ei auke på 4,7 mill.kr. i talmaterialet.

#### **6.1.4 Eigedomsskatt kraftanlegg**

Årdal kommune har ikkje registrert endringar i kraftskatt for budsjettåret 2023, då grunnlaget ikkje er gjort kjent ved utarbeiding av budsjettsaka. Stipulert endring vert sett til kr 0 mill. Det er såleis heft usikkerheit kring utrekningane frå Skatteetaten Storbedrift, grunnlaget frå 2022 er innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

#### **6.1.5 Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom**

Frå 2021 var det ei lovendring som set ein ny maksimumssats på 4 promille for eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedom i tillegg endringa frå 7 til 5 promille i 2020. Årdal kommune gjennomførte ein lovpålagt 10-års taksering av eigedomsskatt fom. skatteåret 2022. Endringane i samband med i lågare promillesats har medført ein reduksjon i eigedomsskatt på kr 7 mill. fom. skatteåret 2020 trass ny 10-årstaksering fom. 2022.

Dette er innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

#### **6.1.6 Avsetningar**

I budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er det lagt inn avsetningar til disposisjonsfond på kr 30 mill. i 2023. Dette er sal av konsesjonskraft og ekstraord. utbytte frå Årdal Energi. Vidare i planperioden er avsetningane knytt til utbyttepolitikk og at sal av konsesjonskraft på sikt skal avsettast 100%. Dette gjev kommunen eit netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter frå 6,1% til 1,0% i planperioden. Slutten av planperioden avviker frå 100% avsetting av konsesjonssalet, då meirkostnad knytt til aukande renteutgifter grunna investeringar vert saldert med desse inntektene i 2026.

#### **6.1.7 Lønsjustering 2023**

Lønsvekst for 2023 er venta å bli 4,2% og den kommunale deflatoren berekna til 3,7% i høve statsbudsjettet for 2023. Lønsveksten på 4,2% er berekna med ein 8/12-effekt på registrerte stillingar/lønsbudsjett for 2023. Det tilsvara ein auke i lønsbudsjettet på omlag 7,5 mill. kr., som er innarbeidd i talmaterialet med ein avsetning til fordeling ved endeleg lønsoppgjjer 2023.

Merk at lønsoppgjjeret for undervisningspersonale + pedagogisk personale i barnehagane er ikkje ferdig. Rikslønsnemnda vil avgjere tvisten i løpet av februar 2023. Lønsgrunnlaget, med utgangspunkt i løn pr. oktober, for denne tilsettgruppa i budsjett 2023 er difor ikkje kjent.




### 6.1.8 Pensjon 2023

Vekst i pensjonskostnadane for kommunane er venta å auke i samband med lønsvæksten. KLP legg til grunn prognosar frå SSB og Norges Bank omkring lønns- og trygdeoppgjæret for 2023. Prognosane til KLP legg til grunn en årslønnsvekst på 4,45%. Kommunen sin prognose legg til grunn KLP sin regulering i 2023 og utifrå dette vil netto pensjonskostnad ha ein auke på 4,5 mill. for 2023.

### 6.1.9 Finansinntekter og -utgifter

Finansinntekter og –utgifter er berekna med ein forholdsvis høg stigning i rentenivået 2023-2024, med ei utflating i perioden 2025-2026. Prognose for rentenivå i planperioden er stigande opp til 4% i 2023 med ei utflating av nivået til kring 3% i slutten av planperioden. Dette er ein markant auke og stabilisering på ei rentenivå Årdal kommune ikkje har hatt på fleire år. Dette vil medføra omlag 10 mill. kr ekstra i finansutgifter og vil gje ein tilsvarande reduksjon på overføring av midlar til tenestoområda. Basis for rentenivået er utviklinga av 3 mnd. NIBOR i planperioden i høve Kommunalbanken sine prognosar.



Kommunen legg til grunn eigarskapsmeldinga i forkant av planperioden. For å oppnå ein eigenkapitalbehaldning stor nok til å handsame investeringsnivået i planperioden, er kommunen avhengig av ein utbyttepolitikk som gjev innbetaling av utbytte frå solide selskap kommunen har eigarinteresser i. For året 2023 ligg det inne eit utbyttensnivå på kr 20 mill. i samband med ein aktiv utbyttepolitikk i kommunen.

Sal av konsesjonskraft i planperioden er sett etter kva nivå avtalen med Årdal Energi Holding AS har hatt dei siste åra. Årdal Energi KF er omdanna og organisert i aksjeselskapsform, med drifta fordelt på Årdal Energi Nett AS (ÅEN) og Årdal Energi Kraftlag AS (ÅEK).

Årdal Energi Holding AS vert kommunen sitt heileigde aksjeselskap og skal fungera som styringsorgan for dei to aksjeselskapa ÅEN og ÅEK. I denne samanheng vert vedtekter endra og mellom anna utbytte utbetalingane til kommunen som eigar vil endre seg. Utbetalingar som følgje av eigarskapet vil bli erstatta av inntekter både frå sal av kraft og utbytte, nivået er sett til 10 mill. i planperioden. Desse salsinntektene er planlagt avsett til disposisjonsfond.

Avdrag er berekna ut frå investeringsnivået, årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. Investeringsane i planperioden er sett i høve eit venta investeringsnivå utifrå handlingsplanar og då spesielt Helse- og omsorgsplan 2019-2029. Dette er aktivitet som indikera ein auke i avdrag grunna store investeringar, men det er venta at det vil bli mot slutten av planperioden og kanskje i etterkant. Det er heft usikkerheit i berekningar både i høve investeringsvolum og rentenivå.

## 6.2 Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. 2023	Økonomiplan			
					2023	2024	2025	2026
Skatt på inntekt og formue	-178 047	-176 964	-185 502	-185 403	-185 403	-185 403	-185 403	-185 403
Ordinært rammetilskot	-172 306	-169 772	-167 652	-193 634	-193 634	-197 670	-199 237	-199 241
Skatt på eiendom	-61 678	-60 681	-63 681	-65 228	-65 228	-59 868	-54 508	-54 508
Mva. kompensasjon	0	-13 680	-14 680	-16 680	-16 680	-16 680	-16 680	-16 680
Andre direkte eller indirekte skattar	-22 028	-20 000	-20 000	-21 798	-21 798	-21 798	-21 798	-21 798
Andre direkte eller indirekte skattar	-6 155	-5 900	-5 900	-5 900	-5 900	-5 900	-5 900	-5 900
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-440 213</b>	<b>-446 997</b>	<b>-457 415</b>	<b>-488 644</b>	<b>-488 644</b>	<b>-487 320</b>	<b>-483 527</b>	<b>-483 531</b>

## 6.3 Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. 2023	Økonomiplan			
					2023	2024	2025	2026
Pensjon	0	6 280	0	0	0	0	0	0
Lønsvest inkl arb.gj.avgift	0	2 170	600	7 500	8 500	8 500	8 500	8 500
<b>Sum sentrale utgifter</b>	<b>0</b>	<b>8 450</b>	<b>600</b>	<b>7 500</b>	<b>8 500</b>	<b>8 500</b>	<b>8 500</b>	<b>8 500</b>

## 6.4 Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. 2023	Økonomiplan			
					2023	2024	2025	2026
Utdanning og oppvekst	124 606	118 258	122 235	126 058	126 058	125 524	122 834	117 524
Helse og omsorg	224 625	195 174	205 341	212 295	212 295	212 295	212 295	212 295
Kultur, miljø og samfunn	48 230	41 510	44 616	40 588	40 688	40 688	40 688	40 688
Administrasjon og politikk	9 288	59 934	61 952	63 736	70 377	70 177	70 177	70 177
<b>Driftsutgifter per tenesteområde</b>	<b>406 749</b>	<b>414 876</b>	<b>434 144</b>	<b>442 677</b>	<b>449 419</b>	<b>448 685</b>	<b>445 995</b>	<b>440 685</b>

## 6.5 Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. 2023	Økonomiplan			
					2023	2024	2025	2026
Avdrag på lån	23 709	27 640	26 640	24 845	24 845	25 086	26 297	28 224
Renteinntekter og utbytte	-3 858	-5 350	-25 350	-23 110	-22 360	-2 460	-2 460	-2 460
Sal av konsesjonskraft	-6 000	-5 500	-5 500	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	6 294	5 728	5 728	16 731	8 240	11 309	14 309	18 209
<b>Netto finansinntekter/finansutgifter</b>	<b>20 145</b>	<b>22 518</b>	<b>1 518</b>	<b>8 466</b>	<b>725</b>	<b>23 935</b>	<b>28 146</b>	<b>33 973</b>
Finansutgifter i tenesteområda	-416	-804	-804	-804	6 937	6 937	6 937	6 937
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>19 729</b>	<b>21 714</b>	<b>714</b>	<b>7 662</b>	<b>7 662</b>	<b>30 872</b>	<b>35 083</b>	<b>40 910</b>
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0	0

## 6.6 Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. 2023	Økonomiplan			
					2023	2024	2025	2026
Til ubundne avsetninger	13 319	4 154	24 154	30 000	30 000	6 200	886	373
Fra ubundne avsetninger	0	-3 000	-3 000	0	0	0	0	0
<b>Netto avsetningar</b>	<b>13 319</b>	<b>1 154</b>	<b>21 154</b>	<b>30 000</b>	<b>30 000</b>	<b>6 200</b>	<b>886</b>	<b>373</b>
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	-12 782	154	-146	1 178	-168	-168	-168	-168
<b>Totale avsetningar</b>	<b>537</b>	<b>1 308</b>	<b>21 008</b>	<b>31 178</b>	<b>29 832</b>	<b>6 032</b>	<b>718</b>	<b>205</b>

## 6.7 Til disposisjon for tenesteområda

Det er sentrale endringer og utfordringer frå 2022 og inn i nytt budsjettår og ny planperiode som gjev utslag på drifta. Dette gjeld følgjande hovudmoment;

- Lønsvekst i høve statsbudsjett 2023 på 4,2% (+ 7,5 mill.)
- Pensjon 2023 (KLP/SPK), auke i nivå (+ 4,5 mill.)
- Auke i finanskostnad (rentekostnad) (+7,7 mill.)
- Negativ realvekst der kommunal deflator frå staten er lågare enn gjeldande konsumprisindeks (5,3% deflator 2022 / KPI 7,5% okt. 2022)

### 6.7.1 Prisar, satsar og gebyr

Prisar, satsar og gebyr for kommunen sine tenester er gjennomgått ute på områda, og er korrigert med ein generell auke som varierer frå om lag 4% til 6%. Variasjonen er på grunn av ulike kostnadsbehov og tenester den enkelte pris representerer. Dette gjeld prisar og gebyr som ikkje er underlagt lovbestemte prissettingar.

Sjølvkostområdet innan vatn, avløp og renovasjon i Årdal kommune står framfor ein prisauke grunna dyrare drift av tenestene, ingen fondsmidlar og stigande rentenivå. For 2023 legg kommunen fram ein vesentleg gebyrauke på omlag 47,7% for å tilpasse seg driftsnivå og unngå negativ utvikling av sjølvkostfond.

Nye stillingsressursar i kommunen inkludert i driftsbudsjettet for 2023:

- Administrasjon - 100% stilling Leiar Tilflyttarkontor (fast)
- Adm./Oppmåling - 60% stilling sakshandsamar (midl.)
- Helse og omsorg - 100% stilling oppfølging sjukmelde/disponering av vikarar (fast)
- Administrasjon - 100% stilling prosjekt Frivilligheit tom. juni 2023 (midl.)

### 6.7.2 Tiltak/prioriteringar

Kommunedirektøren har prioritert følgjande tiltak knytt til tenesteytinga i kommunen utifrå behov og gjeldande vedtak.

Utdanning og oppvekst

- Skulane - auke barnevernsaker kr 1,1 mill.
- Skulane - auke lisensar digitale læreverk / undervisningsmaterieill kr 150'
- Skulane - auke prisar matvarer kr 200'
- SFO - redusert brukarbetaling (12t gratis / barnetal) kr 790'
- Barnehagane - redusert foreldrebetaling (barnehagesats redusert / barnetal) kr 675'
- Barnehagane - auka programvarelisensar kr 120'
- Barnehagane - auken i grunnbemanning hausten 2022 vidareført

Helse og omsorg

- Innføring av årsturnus - gjev ikkje ein direkte innsparing, men betring av planlegging og indirekte betring av drift. Evt. justering av dette i revidert budsjett 2023
- Pleie og omsorg - auka prisar medisinsk forbruksmaterieill, matvarer, lisensar, vaskeritenester kr 1,2 mill.
- Pleie og omsorg - auka prisa opphald kr (- 750')
- Bu- og miljø - auke prisar tiltak kr 400'
- Bu- og miljø - redusert refusjon ressurskrevjande brukarar kr 400'
- Helse og omsorg - stillingsressurs for oppfølging av sjukmelde/vikarar, betring av total bemanning kr 600'
- Helse - vikarlegar legekantor (ca. 3 legeårsverk) kr 4 mill.
- LMS - prisauke avtale kr 1 mill.

## Kultur, miljø og samfunn

- Kultur/idrett - prosjekt styrking anlegg/frivillighet innan idrett (prosjektstilling) kr 850'.  
Finansiert ved inndekning via disposisjonsfond
- Bibliotek - avtale med ÅVGS går ut kr 150'
- Bibliotek - auke prisar/kjøp av bøker kr 100'
- Tekniske tenester - auke prisar / vedlikehald kunstgrasbane, leikeplassar, komm. veg kr 550'
- Tekniske tenester - samarbeidsavtale med Vegvesen og fylkesveggar kr (- 650')
- FDV - innsparing friluftsbasseng Åtg kr (- 1 mill.)
- FDV - friluftsbad, "badebuss" tiltak for barn 6-16 år kr 50'
- FDV - auke forbruksmateriell reinhald kr 400'
- FDV - auke straumkostnad kr 1,5 mill.
- FDV - auke husleiger / eigedomsgebyr kr 600'
- FDV - auke leigeinntekter (stipulert) kr (- 1,3 mill.)
- Vatn - gebyrauke sjølvkost 39%
- Avløp - gebyrauke sjølvkost 38%
- Renovasjon - gebyrauke sjølvkost (kommunal renovasjonsordning) 81%

## Administrasjon og politikk

- Folkevalde - fordeling av politiske oppgåver til varaordførar, frikjøp 20% kr 250'
- Folkevalde - prisreguleringar kontrollutval/revisjon kr 117'
- Folkevalde - auke tilskotsmidlar kr 240'
- Adm./personal - auke rekrutteringsstipend mht behov for barnehagekompetanse kr 77'
- Adm./personal - leiarutviklingsprogram 2023 kr 500'
- Årdal kommune - vidareføring av tilflyttarkontor frå omdømme prosjekt (2020-2022), 100% stilling innarbeida i drift kr 850'
- Årdal kommune - prosjekt innan bustadutvikling med kostnad på kr 1 mill. i 2023 (omdømme).  
Finansiert ved inndekning via disposisjonsfond
- Årdal kommune - prosjekt frivillighet del II ½-år, finansiert 60% med midlar frå Frivilligsentral  
statstilskot, status ved revidert budsjett 2023
- Årdal kommune - prosjekt nasjonalpark / oppbygging av Årdal kommune som nasjonalpark  
v/Stiftinga Utladalen naturhus kr 250'. Finansiert ved inndekning via disposisjonsfond
- Årdal kommune - vidareføring bruk av næringsfondet til Visit Sognefjord, Sogn Regionråd,  
Veterinær kr 1,387'
- Næringsutvikling - uendra driftsnivå Årdal Utvikling i planperioden på kr 5,2 mil. pr år. Finansiert  
ved inndekning via næringsfond
- Årdal kyrkjelege fellesråd - auke i tilskot grunna pris/løn kr 200'
- Brannvern - auke kostnader til varslingsystem og kurs kr 200'
- Brannvern - nivå på beredskapsavtale med Hydro Aluminium er ikkje kjend ved framlegg av  
budsjett pr 17. november
- IKT - auke i driftsutgifter knytt til auke i lisensar/programvare (sky-basert drift) og redusert ÅLA  
samarbeid kr 2 mill.

### 6.7.3 Nedprioritering/innsparing

Kommunedirektøren skal legge fram eit budsjett 2023 og økonomiplan for 2023-2026 i balanse, og lyt gjennomføre vurdering av nedprioriteringar utifrå utvikling og endring i rammevilkår. Årdal kommune sitt budsjett 2023 er lagt fram med grunnlag i rammevilkår frå statsbudsjett 2023, der forutsetningane for vekst i prisar, lønningar og renter vert lagt til grunn.

Ved utarbeidinga av budsjettet opplever kommunen store utfordringar med å handsama ein kostnadsvekst i samfunnet med noverande prisauke på mellom 6-12% inn mot 2023, opp mot nemnde grunnlag for rammetildeling frå staten der deflatoren (samla prisvekst) er sett til 3,7%. Dette gjev kommunen få moglegheiter til å legge inn reduksjon/innsparingskrav utover ordinær drift, som stettar realisme kravet i eit budsjett.

Kommunedirektøren tek grep for å betre nivå og bemanningsutfordringane i helse, samtidig som kommunen lyt forhalda seg til ein teoretisk (prognostisert) negativ realvekst i inntektene. Stor prisstigning og mindre rammer er indirekte eit nedtak i seg sjølv.

Framlegget til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 har innarbeidd ein utvikling på netto driftsresultat og avsetning til disposisjonsfond som held Årdal kommune innafor målsetninga om både oppbygging av disposisjonsfond (fri eigenkapital) og halde på eit positivt netto driftsresultat.

Men Årdal kommune har framleis utfordring om å halde kommuneøkonomien berekraftig i siste del av planperioden, til det er dei finansielle måltala for låge i høve inntening og auke i lånekostnad 2025-2026. Det inneber at kommunen lyt ha stort fokus på innsparing i drift sett opp mot dei store investeringane innanfor sektorane omsorg og oppvekst frå 2024 og utover.

Dette er talstorleikar som vert meir kjende etterkvart som prosjekta vert utarbeida, og fleire forutsetningar vert lagt til grunn. Ved sakshandsaming av budsjett 2023 er nivå og rammer sett utifrå planar og tidleg forprosjektfase, noko som inneber at det vert ei endring i talgrunnlaget for komande budsjett og økonomiplanar når dette vert detaljprosjektert. Det er då viktig for kommunen at dei finansielle måltala syner ei betring.

Kommunen må derfor fortsatt ha fokus på omstilling og strukturendring innanfor alle områder, slik at tenesteytinga vert best mogleg innanfor tilgjengelege ressursar og effektivitet. På den måten kan kommunen oppnå eit positivt netto driftsresultat og bygge opp den frie eigenkapitalen og bidra til eigenfinansiering av investeringar. Dette vil og bidra til at kommunen vert mindre sårbar for svingingar i økonomien og møte uføresette hendingar i drift som har økonomiske konsekvensar.

## 6.8 Disponering av driftsramma

### 6.8.1 Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringer fordelt på endringskategoriar


Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>422 617</b>	<b>422 617</b>	<b>422 617</b>	<b>422 617</b>
Tekniske justeringar	20 834	20 834	20 834	20 834
Vedtak forrige periode	-6 689	-7 423	-10 113	-15 423
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>14 145</b>	<b>13 411</b>	<b>10 721</b>	<b>5 411</b>
Konsekvensjustert ramme	<b>436 761</b>	<b>436 027</b>	<b>433 337</b>	<b>428 027</b>
Nye tiltak	12 657	12 657	12 657	12 657
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>	<b>12 657</b>	<b>12 657</b>	<b>12 657</b>	<b>12 657</b>
Ramme 2023-2026	<b>449 418</b>	<b>448 684</b>	<b>445 994</b>	<b>440 684</b>

## 7 Økonomisk utvikling i planperioden


### 7.1

#### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Årdal	0,0 %	0,0 %	-1,7 %	0,2 %	0,2 %	4,7 %	1,0 %	0,1 %	0,0 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

## 7.2 Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Årdal	0,0 %	0,0 %	2,0 %	4,0 %	7,8 %	11,6 %	12,3 %	12,2 %	11,9 %
Handlingsregel	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %

## 7.3 Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Årdal	0,0 %	0,0 %	4,7 %	4,0 %	1,1 %	2,8 %	6,4 %	7,2 %	8,1 %



## 7.4 Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

	Budsjett 2022	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Sum inntekter	-581 130	-635 605	-634 282	-630 489	-630 493
Sum utgifter	578 743	615 274	614 541	611 851	606 541
<b>Brutto resultat</b>	<b>-2 388</b>	<b>-20 331</b>	<b>-19 741</b>	<b>-18 638</b>	<b>-23 952</b>
Netto finansutgifter og inntekter	27 214	17 662	40 872	45 083	50 910
Motpost avskrivningar	-26 134	-27 164	-27 164	-27 164	-27 164
